



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 26.11.2020

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2021 – LIASLETTET I TINGVOLL – BN00016680

Dykkar ref. 2021/286.

Utført arbeid 2021

Hogst

Det var planlagt 1 time til hogst i år. Fleire av dei aktuelle trea er høvelege juletre, så dei vil bli tatt litt etter rapporteringa.

Slått

Slåtten tok til 31.7. og var stort sett gjennomført til 5.8., også mesteparten av kantslått. Det blei sett igjen nokre små flekkar som blomstra. Mest heile avlinga blei frakta vekk som tørrhøy. Ein liten flik øvst blei ståande igjen og blei først tatt 2.10.

Myrtistelen blei plukka for frøhus i to omgongar, midt på teigen før slått, og noko øvst mot huset den 2.10. Då var jo nokre frø reist, men ein tok hand om resten.

Det blei slått heilt ned mot muren i sør, sjølv om avlinga var heller lita.

Avlinga blei på i alt 5 tilhengarlass, men lassa har vore små, alt levert til hestefôr.

Restaurering

Med løyvinga som kom var det ikkje middel til restaurering i år.

Artsobservasjonar

Naturvernforbundet søkte om middel til insektsundersøking i år. Denne blei sett i gang i april. Kostnadene med denne undersøkinga blir tatt av lokallaget, sidan det ikkje blei løyvd noko til dette. Det er laga ein rapport som blir levert Sabima som har støtta tilsvarende undersøking på 3 andre slåttelokalitetar i år.

Det er lagt inn ein del funn på www.artsobservasjoner.no også i år.

Deltaking

Enga er besøkt fleire gonger i samband med Den naturlege skulesekken. Elles har Miljøfaglig Utredning brukt lokaliteten i si internopplæring om slåttemark.

Det har ikkje vore dugnad på denne lokaliteten i år, så arbeidet er utført av Folden grønt og plan.

Tidsbruk

Slått 18 timar, medrekna administrasjon. 58 km kjøring.

Behov neste sesong

Det er tre som er til hinder for høytørk både på vestsida, sørsida og austsida av lokaliteten. Særleg på austsida vil fjerning av fleire tre også auke kontakten med steingarden.

For å halde unna for tilveksten er det nødvendig med noko hogst langs kantane nesten kvart år.

Skjøtselsavtala gjeld til og med 2021. Vi antar at det er grunnlag for forlenging.

Med helsing

Øystein Folden
Slåttesjef

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto 16.07.2021, Øystein Folden. Det er fleire område med mykje blåklokke.



Figur 2. Bilete frå 2.8.2021, Øystein Folden. Nedre del blei også slått i år. Skuggen er kraftig så det er lite som veks.



Figur 3. 2.8.2021, Øystein Folden. Nedre middel.



Figur 4. Foto 2.8.2021, Øystein Folden. Øvre middel. Dagen etter blei det slått eit lass til lenger opp, så det berre var ein liten del igjen nærast hytta.